

INTERKOMMUNAL NÆRINGS- OG SAMFUNNSPLAN REGION NORDHORDLAND

FAKTAGRUNNLAG

VEDLEGG TIL PLAN

HØYRINGSUTKAST 31.AUGUST 2015



1. INNHALD

1.	INNHALD	2
2.	INNLEIING	3
3.	FOLKETALSUTVIKLING	4
	Historisk utvikling i folketallet	4
	Forventa utvikling i folketallet	6
4.	SYSSELSETTING OG NÆRINGS LIV	7
	Næringsstruktur	7
	Utdanningsnivå i regionen	9
	Etablering og innovasjon.....	11
	Næringsareal.....	12
5.	MOBILITET OG PENDLING	13
	Pendling	13
	Transport.....	14
	Infrastrukturprosjekt i Nordhordland	14
6.	BUSTADTILBOD	15
7.	TETTSTADUTVIKLING.....	17
8.	UTVIKLINGSAKTØRAR I NORDHORDLAND.....	20
9.	AKTUELLE PLANAR OG DOKUMENT	22
10.	KJELDER	27

Framsidedfoto:

2. INNLEIING

Dette dokumentet er ein del av interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland.


Føremålet med nærings- og samfunnsplanen er å førebu Nordhordland på aukande vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Fokuset er på kommunane si rolle som utviklingsaktør, både gjennom tilrettelegging for attraktive bumiljø og utvikling i næringslivet. Gjennom planarbeidet søker ein å finne mål og strategiar for korleis Nordhordland kan nytte nærleiken til Bergen som eit fortrinn og samstundes ha ein klar identitet som sjølvstendig region.

Planen er utarbeidd som to dokument:

1. Plandokument - mål, strategiar og handlingsplan
2. Fakta grunnlag - vedlegg med statistikk og prognosar for mellom anna folketalsutvikling, næringsstruktur, utdanning, transport, bustadtilbod og tettstadutvikling

Planen har fire fokusområde:

- Næringsliv
- Innovasjon og gründerskap
- Bumiljø og tettstadutvikling
- Infrastruktur
- Omdømme



3. FOLKETALSUTVIKLING

Folketalet i Nordhordland har hatt ei radikal utvikling dei siste 25 åra. Fleire av kommunane erfarer sterk vekst, og er mellom dei raskast veksande kommunane i landet. Den sterke veksten vil venteleg halde fram i åra som kjem.

HISTORISK UTVIKLING I FOLKETALET

Meland kommune har vore mellom dei raskast veksande kommunane i landet dei siste åra, men også Lindås og Osterøy har hatt rask vekst i folketalet, sjå tabell 1. I andre kommunar i region Nordhordland har negativ folketalsutvikling vore mellom dei største utfordringane i kommunen, dette gjeld kommunane i nord (Fedje, Gulen og Masfjorden). Om ein ser på utviklinga i folketal innanfor dei ulike kommunane vert bilde meir nyansert. I dei fleste kommunane har det vore nedgang i nokre grunnkrinsar, medan det skjer vekst i dei meir sentrale delane av kommunen. Store utslag i endringar på grunnkrinsnivå kan vi sjå i område som i utgangspunktet hadde liten befolkning, men som har hatt store feltutbyggingar. Eit døme er Mjåtveit i Meland, som har meir enn dubla innbyggjartalet i grunnkrinsen dei siste åra. Gulen har vekst berre i 2 av 18 grunnkrinsar dei siste 10 åra.

Tabell 1. Folketalsutvikling frå 1989 til 2014 i dei ni kommunane i Nordhordland, og for Nordhordland samla. (Kjelde: SSB)


	1989	1999	2009	2014	(1989-2014)
	Folkemengd	Folkemengd	Folkemengd	Folkemengd	Endring i %
Modalen	348	346	351	372	7
Osterøy	6969	7048	7352	7786	12
Meland	4508	5251	6478	7544	67
Radøy	4584	4569	4825	5039	10
Lindås	11908	12511	14036	15069	27
Austrheim	2732	2547	2576	2833	4
Fedje	746	665	596	561	-25
Masfjorden	1900	1781	1652	1693	-11
Gulen	2609	2503	2283	2315	-11
Nordhordland totalt	36304	37221	40149	43212	19

I figur 1 er veksten i folketalet indeksert i forhold til situasjonen i 1989. Det kjem tydeleg fram kva kommunar som har hatt sterkt vekst og kven som har hatt nedgang. Totalt sett har folketalet i Nordhordland auka med 19 prosent frå 1989 til 2014. Til samanlikning har Bergen kommune auka med 29 prosent i same perioden, og region Vest (Fjell, Sund og Øygarden), har auka med 57 prosent.


Drivkreftene i folketalsutviklinga varierer mellom kommunane i Nordhordland. I kommunane nærast Bergen har veksten for ein stor del komme av auka tilflytting. Tala viser at det er klart flest som flyttar til den største kommunen Lindås, men denne kommunen har også høg utflytting slik at det er Meland som har høgast netto flytting. I figur 2 er nettoutflytting i tal vist for dei fem siste åra.

Fødseloverskotet har lagt jamt på +/- 10 dei siste 25 åra i dei fleste kommunane i Nordhordland. Dei tre største kommunane Lindås, Meland og Osterøy har hatt høgare fødseloverskot. Lindås som den største kommunen i regionen, har hatt alltid hatt det høgaste fødseloverskotet, men dei siste par åra har Meland komme opp på same nivå. I 2013 var fødseloverskotet i Lindås og Meland på høvesvis 85 og 82. Osterøy har hatt ein nedgang i fødseloverskotet, medan Radøy er på veg oppover.

Alderssamansetninga varierer stort mellom kommunane. Meland har ei ung befolkning der 71,5 prosent av befolkninga er under 50 år. Tilsvarende tal for Masfjorden er 55,5 prosent. Lindås kommune ligg om lag på landsgjennomsnittet med 65,6 prosent av befolkninga under 50 år. Dei ulike kommunane har såleis heilt ulike behov for tenesteproduksjon i åra som kjem.



Figur 1. Relativ folketalsutvikling frå 1989-2014 i dei ni kommunane i Nordhordland, og for Nordhordland samla. (Kjelde: SSB)



Figur 2. Nettoflytting i tal for dei ni kommunane i Nordhordland siste 5 år. (Kjelde: SSB)


FORVENTA UTVIKLING I FOLKETALET

Statistisk sentralbyrå (SSB), lagar fleire ulike alternativ for folketalsutviklinga i Norge framover. I dei ulike alternativa er det lagt inn ulike føresetnader for dei tre komponentane som bestemmer folketalsutviklinga: barnetal per kvinne, (fruktbarheit), levealder (dødelegheit) og nettoinnvandring (innvandring minus utvandring). Mellomalternativet, MMMM, er SSB sitt hovudalternativ. Der vert det lagt til grunn middels utvikling i både fruktbarheit, levealder, innanlandske flyttingar og innvandring

I mellomalternativet er det lagt til grunn at fødselstala på lang sikt vil ligge på rundt 1,8 barn per kvinne, at levealderen vil halde fram med å auke, og at nettoinnvandringa vil vere relativt høg, særleg i første del av framskrivingsperioden. I dette alternativet vil den høge folkeveksten vi har sett dei siste åra, gradvis avta. Men det vil likevel vere ein klar folkevekst i Nordhordland og i heile landet, gjennom heile dette hundreåret, særleg dei næraste åra. Framskrivningane viser at omlandskommunane til dei store byane vil få minst like stor vekst som bykommunane. Meland og Austrheim er blant dei 20 kommunane i landet som får høgast prosentvis folketalsvekst. Det er venta at folketalet i Nordhordland vil vere rundt 60 000 innbyggjarar i 2040, dei vil seie ein vekst på 38 prosent frå 2014.

Folketalet har auka mest i Nordhordland dei siste åra. Dersom vi berre ser på dei siste fem åra, har den prosentvise veksten vore lik i Bergen og i Nordhordland (8 prosent). Denne trenden vil altså halde fram i åra som kjem, om vi legg SSB sine prognosar til grunn.

Det er verdt å merke seg at prognosane til SBB er reine demografiske framskrivingar som i hovudsak legg til grunn forlenging av registrerte trendar avstemt mot demografiske utviklingstrekk for heile landet. Det er ikkje tatt omsyn til lokale eller regionale endringar i næringsutvikling, sysselsetting, senterstruktur eller utbyggingsmønster som kan føre til endringar i lokalt og regionalt busettingsmønster og pendlingsstraumar.



Figur 3. Framskrivning av folketalet i dei ni kommunane i Nordhordland, fram til 2040 ved MMMM-alternativet til Statistisk sentralbyrå. (Kjelde: SSB)


4. SYSSELSETTING OG NÆRINGS LIV

Nordhordland har mange arbeidsplassar i industri og næringsliv og står for ein viktig del av verdiskapinga på Vestlandet.

NÆRINGSSTRUKTUR

Sekundærnæringa er den største næringa i Nordhordland. Denne kategorien næring omfattar industri, bergverk, kraft- og vassforsyning, samt bygge- og anleggsverksemd. Petroleumsrelatert industri på Mongstad og i Sløvåg er den sterkaste motoren i industrien i Nordhordland. Men det er også ei rekke andre små- og mellomstore verksemdar som ikkje er knytt til aktiviteten i oljenæringa. Osterøy er døme på ein kommune som har hatt eit mangfald av små og mellomstore bedrifter, og som framleis har dette.

Samanlikna med andre regionar i Hordaland er det Nordhordland som er relativt størst på sekundærnæring. Dette er positivt i næringsssamanheng, men kan og vere ei ulempe dersom regionen ønskjer å tilby eit breitt spekter av arbeidsplassar. Nordhordland er noko svak på varehandel, til dømes samanlikna med Region Vest (Askøy, Sund, Fjell og Øygarden). Sunnhordland har eigen høgskule og kjem difor relativt høgt på arbeideplassar knytt til undervisning. Bergen som storby er som venta relativt størst på varehandel, undervisning og personleg tenesteyting.



Figur 4. Næringsstruktur i Nordhordland samanlikna med Sunnhordland, region Vest (Askøy, Sund, Fjell og Øygarden) og Bergen i 2013, diagrammet viser delen av sysselsette i dei ulike næringane. (Kjelde: SSB, statistikk.ivist.no)

Talet på arbeidsplassar har samla sett auka med 5 prosent i Nordhordland dei siste fem åra. Endringane i næringsstrukturen i Nordhordland er nokså typiske for landet elles. Det er næringane offentleg administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester som har hatt den største veksten i perioden. Dette er næringar som i stor grad veks i takt med folketalet, og som truleg vil halde fram med å vekse. Dette er felles trekk for dei aller fleste kommunar i landet. Det har vore ein rask nedgang i sysselsette i primærnæringane (jordbruk, skogbruk og fiske). Nedgangen på 14 prosent er likevel noko mindre i Nordhordland enn i landet elles, som har 17 prosent nedgang i sysselsette i primærnæringa i perioden. Veksten i sekundærnæringane dei siste fem åra er som for landet elles.

Det er noko usikkert korleis utviklinga i industrien vert i åra som kjem. Industrien i Nordhordland er nært knytt til olje- og gassnæringa. Oljeprisen er for tida låg, etter eit kraftig fall i 2014. Prognosar for petroleumsproduksjonen i Noreg er usikre. Produksjonen avheng av ei rekkje indre og ytre faktorar som oljepris, nye funn, tidspunkt for eventuell oppstart, boretakt og kostnader. I tillegg vil ein framtidig låg oljepris presse lønsemda og kunne utsetje

utbygging av nye felt. Oljeproduksjonen er likevel venta å halde seg på dagens nivå, medan gassproduksjonen er venta å auke dei næraste åra (AUD-rapport 1-15).

Produksjonen frå det store feltet Johan Sverdrup skal ilandførast på Mongstad. Dette vil skape ein del arbeidsplassar i anleggsfasen. Dersom det vert gjort investeringar i anlegget på Mongstad kan delar av vidareforedlinga skje her, men dette er p.t. ikkje avklart, og det er dermed usikkert kor mange permanente arbeidsplassar Johan Sverdrup-feltet fører med seg på Mongstad.

Tabell 2. Endringar i næringsstruktur i Nordhordland 2008-2013. Tala viser sysselsette i dei ulike næringane og prosentvis endring i perioden. (Kjelde: SSB)

	2008	2013	% endring
Jordbruk, skogbruk og fiske	791	681	-14 %
Sekundærnæringer	6 812	7 067	4 %
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	6 050	6 325	5 %
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	791	865	9 %
Undervisning	1 501	1 635	9 %
Helse- og sosialtjenester	3 781	4 050	7 %
Personlig tjenesteyting	530	558	5 %
Uoppgitt	58	65	12 %
Alle næringer	20 314	21 246	5 %

I 2014 var det 43 000 innbyggjarar i Nordhordland, av desse var 28 000 i arbeidsfør alder (16-66 år). Talet på arbeidsplassar er 21 000, slik at det er ein god balanse mellom busette og sysselsette i regionen. Nordhordland er ein integrert del av bustad- og arbeidsmarknaden i Bergen, slik at det trass balanse mellom busette og arbeidsplasser likevel vil vere pendling på tvers mellom Bergensområdet og Nordhordland, sjå meir om pendling i kapittel 5.

I Hordaland fylke er 70,4 prosent av innbyggjarane mellom 15 og 74 år i arbeid. Andelen av sysselsette i befolkninga ligg på om lag same nivå i Nordhordland som i resten av fylket, men Austrheim og Fedje har noko lågare sysselsetting, med høvesvis 68,8 prosent og 67,5 prosent. Gulen er den kommunen som har høgast sysselsetting i Nordhordland med 73,6 prosent. Dette er også høgare enn for Sogn og Fjordane fylke som har 72,2 prosent sysselsette.

Arbeidsløysa i Hordaland er låg, 2,3 prosent i desember 2014 (NAV). Talet er likevel 5 prosent høgare enn på same tid i fjor.

UTDANNINGSNIVÅ I REGIONEN


Regionen har i dag eit godt utdanningstilbod for vidaregåande opplæring. Knarvik vidaregåande skule er ein av dei største vidaregåande skulane i Hordaland med 987 elevar (2013) og ca. 150 tilsette. Skulen har samarbeid med lokale bedrifter. I tillegg til vanlege programområde kan elevane velje programmet TAF (tekniske og allmenne fag) der dei får fagbrev og spesiell studiekompetanse på 4 år. Knarvik vidaregåande skule var pionerskulen for denne typen utdanning, og tilbyr i dag fire forskjellige kurs.

Austrheim vidaregåande skule ligg i Mastrevik i Austrheim og har 258 elevar (2013). Ein samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane og Hordaland inneber at også elevar frå kommunane Gulen og Solund i Sogn og Fjordane kan søke skuleplass ved Austrheim vidaregåande. Skulen har lenge vore nedleggingstrua, men i 2014 vedtok Hordaland fylkeskommune å ruste opp skulen og å auke kapasiteten til 300 elevar.

Osterøy vidaregåande skule ligg på Hatland ved Lonevåg. Skulen har om lag 180 elevar, skulebygget var nytt i 2010. Skulen har eit nært samarbeid med det lokale næringslivet, dette har mellom anna resultert i eit kompetansesenter for CNC¹ og robot.

Det er ikkje noko tilbod om høgare utdanning i Nordhordland i dag, men for størstedelen av innbyggjarane er det relativt kort veg til utdanningstilbodet i Bergen.

Andelen av busette med fullført lang høgskule- og universitetsutdanning (meir enn 4 år), er 3,3 prosent i Nordhordland. For heile landet er andelen 7,7 prosent, medan det i Bergen er 11,5 prosent av innbyggjarane som har slik utdanning. Nordhordland har tradisjonelt hatt ein låg andel med lang utdanning, men dette ser ut til å endre seg. Talet på nordhordlendingar som tek lang utdanning veks raskare enn i landet elles. Modalen kommune skil seg ut frå resten av regionen. På grunn av sitt sterke fagmiljø knytt til ei enkelt teknologiverksemd, er kommunen rangert som nr 14 i landet når det gjeld kompetanse i NHO si kommunekåring 2014.



Figur 5. Utdanningsnivå i 2013 for befolkninga eldre enn 16 år, i Nordhordland, Bergen og Norge. Diagrammet viser andelen av befolkninga fordelt på utdanningsnivå. Universitets- og høgskulenivå lang er slik utdanning på meir enn fire år. (Kjelde: SSB)

¹ CNC – Computer numerical control, teknologi som mellom anna vert nytta for å styre maskiner.

Det er rimelig å tru at ein relativt stor del av dei unge i Nordhordland vel å gå rett inn i arbeidslivet til attraktive jobbar i industrien, utan å gå vidare til høgare utdanning. Dette er bra for rekrutteringa til industrien, men på lang sikt kan dette likevel vere ei utfordring for regionen. Fleire av dei store verksemdene i Nordhordland manglar kompetent arbeidskraft, og må konkurrere mellom anna om arbeidstakarar med høgare utdanning. Det har også vore mangel på fagarbeidarar. I Hordaland mangla det i 2012 om lag 1000 sivilingeniørar og 1300 handverkarar og bygningsarbeidarar, i følgje tal frå NAV.

ETABLERING OG INNOVASJON


Talet på verksemder i Nordhordland samla var 4 364 i 2014, dette inkluderer alle storleikar av verksemder. Talet er aukande, og berre på fem år har talet auka med 9 prosent. Den største auken i verksemder er i Meland som har hatt ein vekst på heile 34 prosent. Kommunen låg på topp i NHO sitt NæringsNM 2014 i kategorien for etablering. Austrheim har og hatt høg vekst i talet på verksemder (14 prosent). Kommunane Fedje og Gulen har hatt ein nedgang i talet på verksemder.

Nordhordland har samla sett noko svakare vekst i etableringar samanlikna med andre regionar. Veksten er størst i region vest med 17 prosent i perioden 2009-2014. Bergen har den sterkaste veksten i tal, men prosentvis vekst er 16 prosent. Sunnhordland har ein vekst på 13 prosent.


Døme på aktuelle innovasjonsprosjekt i regionen er implementering av velferdsteknologi i helse- og omsorgssektoren i Lindås og CNC-arena med robotteknologi på Osterøy. Dette er pilotprosjekt som vekker oppsikt langt utover regionen.

Utvikling i talet på verksemder 2009-2014

Kommune/region	% vis vekst
Modalen	9 %
Osterøy	6 %
Meland	34 %
Radøy	6 %
Lindås	9 %
Austrheim	14 %
Fedje	-7 %
Masfjorden	7 %
Gulen	-3 %
Nordhordland	9 %
Bergen	16 %
Sunnhordland	13 %
Region Vest	17 %




Figur 6. Utvikling i talet på verksemder (alle typar og storleikar) i dei ni Nordhordlandskommunane i perioden 2009-2014 (Kjelde SSB).



Figur 7 Utvikling i talet på verksemder (alle typar og storleikar) i Nordhordland samanlikna med Bergen, Sunnhordland og Region Vest i perioden 2009-2014 (Kjelde SSB, statistikk.igest)

NÆRINGSAREAL

Business Region Bergen har etablert Næringsarealguiden. Her er ledige næringsareal i Bergensregionen vist i ein kartportal. Næringsarealguiden inneheld no dei aller fleste areala av ein viss storleik i regionen – både jomfrueleg mark og bygg som kan kjøpast eller leigast til næringsføremål. Det er registrert i alt 40 næringsområde i dei ni Nordhordlandskommunane. I guiden kan ein og finne reguleringsplanen for det enkelte området. Under er det vist eit døme frå næringsarealguiden på et næringsområde i Lindås.



Nordhordland Næringspark
(500 daa)

Nordhordland Næringspark ligger sentralt like nord for Bergen i Lindås kommune ved E39 og Osterfjorden. Her planlegges det en næringspark på hele 500 mål med både dypvannskai og tilkomst rett på E39.

Store og kostnadseffektive arealer

Mer info

- Satellittvisning
- Ekstern lenke til Reguleringsplan

Avstand til infrastruktur

- Bergen lufthavn, Flesland : 36.2 km
- Godsterminal Bergen: 24 km
- Bergen Havn: 23.9 km

Figur 8. Døme frå næringsarealguiden. Her er vist eit næringsområde i Lindås, Nordhordland næringspark. (Kjelde: arealguiden.no)

Nordhordland skal utarbeide ein **felles næringsarealplan** for regionen (interkommunal plan). Etterspurnaden etter næringsareal med god lokalisering er stor i Bergensregionen. I ein interkommunal næringsarealplan kan sentrale tema vere lokalisering av ulike typar næringsareal, tilhøve til infrastruktur, kartlegging av behov etc.

5. MOBILITET OG PENDLING


Ein stor del av innbyggerane i Nordhordland pendlar til jobbar i Bergen, det er også ein god del intern pendling i regionen, og innpendling frå Bergen og andre kommunar. Regionen har dermed ein godt integrert arbeidsmarknad.

PENDLING

Det er utarbeidd fleire rapportar som omtalar pendling i Bergensregionen, og i desse fins mest data om pendling for kommunane som er definert som ein del av Bergensregionen, Austrheim, Lindås, Radøy og Meland. Osterøy er også med Bergensregionen, men som oftast som ein del av Osterfjordregionen og ikkje under Nordhordland. Meland har størst utpendling av kommunane i regionen. Lindås har stor utpendling, men har også ein del innpendling, sjå figur 10.

Hordaland fylkeskommune si prognose for pendling (AUD-rapport 5-13), viser at pendlinga vil auke i åra som kjem. I Hordaland er det Bergen som har størst inn- og utpendling, og prognosane tilsier at pendlinga til og frå Bergen vil auke i åra som kjem. Pendlinga til og frå Nordhordland vil også auke.

Faktorar som vil påverke pendlinga i åra som kjem er kvar det vert skapt nye arbeidsplassar, kvar folk vel å busette seg, og nye infrastrukturprosjekt som kan endre pendlingsstraumane. For Nordhordland er det i første rekke Nyborgtunnelen som kan påverke pendlinga. Samstundes er det andre infrastrukturprosjekt i Bergensregionen som vert realiserte før Nyborgtunnelen, slik som E39 Sveгатjørn-Rådal og nytt Sotrasamband.



Figur 9. Pendling internt mellom kommunane i Bergensområdet, 4 kv. 2012 (SSB). Pilane med tal viser dei største pendlingsstraumane. Tala i boksane viser kommunane sin netto innpendling (dvs. at negative tal betyr netto utpendling til dei elleve andre kommunane). Internt i området er det berre Bergen som har netto innpendling. Figuren er frå KVVU for Bergensområdet oppdatert med tal frå 2012 (Norconsult).

TRANSPORT

E39 går gjennom Nordhordland frå Nordhordlandsbrua til Sognefjorden. Årsdøgntrafikken (ÅDT) er aukande over Nordhordlandbrua. I 2013 var ÅDT 16 173 kjøretøy, trafikken har auka med 14 prosent sidan 2008.

Over fv 566 Osterøybrua var ÅDT 3036 i 2013, her har trafikken auka med 19 prosent sidan 2008. ÅDT over ferjesambandet Breistein-Valestrandfossen var på 523 kjøretøy i 2012, talet har ikkje endra seg frå 2007. Det har vore bompengar på brua sidan den kom i 1997, men brua vert nedbetalt i juni 2015. Det er interessant å sjå på korleis trafikkstraumane til og frå Osterøy vil endre seg som følgje av at brua vert gratis.

Andre viktige trafikkårer i Nordhordland er fv 57 frå Knarvik til Mongstad og vidare over Fensfjorden til Gulen med ferjesambandet Leirvåg-Sløvåg. ÅDT på dette ferjesambandet var 513 i 2012, dette er ein auke på 12 prosent frå 2007.

Reisetider med bil frå Bergen sentrum utanom rushtider er om lag 25-30 min frå Knarvik og Frekhaug. Til Lonevåg er det om lag 45 min via Osterøybrua frå Bergen sentrum. Både Mongstad og Manger er innafor ein times reisetid. Skal ein vidare til Fedje eller til kommunesentra i Gulen, Masfjorden eller Modalen, går det lenger tid.

Andelen som reiser kollektivt har auka i Bergensregionen dei siste åra, det viser reisevaneundersøkinga (RVU) for Bergensregionen i 2013. I Nordhordland er det kommunane Osterøy, Lindås, Meland, Radøy og Austrheim som er med i denne undersøkinga.

Mesteparten av reisene som skjer i Lindås, Radøy, Austrheim og Meland, skjer internt mellom kommunane, heile 71 prosent. På desse reisene er kollektivandelen låg, berre 5 prosent av alle reiser. Når det gjeld reiser som går ut av desse fire Nordhordlandskommunane, er det flest reiser til Bergenhus bydel og til Åsane bydel. Kollektivandelen på reiser til Bergenhus er 32 prosent, medan det til Åsane berre er 11 prosent som reiser kollektivt. Osterøy har også låg kollektivdel på interne reiser (5 prosent), men denne kommunen har høg kollektivdel på reiser til Bergen, så mykje som 55 prosent av reisene til Bergenhus skjer kollektivt.

Kollektivandelen på reiser mellom Bergenhus og regionane i Hordaland er om lag lik for Os, Fjell-Sund-Øygarden, og Lindås-Radøy-Austrheim-Meland, men er høgare for Osterøy og Askøy. Forklaringa på dette kan vere båtsambandet Kleppestø-Bergen og ferjesambandet Valestrand-Breistein med direktebuss til Bergen. Aller høgast kollektivdel på reiser til Bergen har Vaksdal-Samnanger-Voss, som har jernbane til Bergen, ein snarveg som bilen ikkje kan konkurrere med. Reisevaneundersøkinga vart gjennomført før båt ruta Knarvik-Frekhaug-Bergen tok til å gå. Det ligg ikkje føre tal som viser om denne ruta har ført til at kollektivandelen har auka på denne strekninga.

INFRASTRUKTURPROSJEKT I NORDHORDLAND


Sju av kommunane i Nordhordland er med på arbeidet med ein bompengepakke for Nordhordland. Pakken har vore forsøkt vedteken fleire gonger, men det har hittil ikkje vore fleirtal for pakken i alle kommunane. Den aktuelle bompengesøknaden for Nordhordlandspakken vart godkjend av fylkestinget i Hordaland i desember 2014. Det er p.t. ikkje avklart om pakken vert vedteken i alle kommunane.

Pakken omfattar tiltak til 1,3 milliardar kroner til veg og kollektivtrafikk i kommunane Meland, Lindås, Radøy, Masfjorden, Austrheim, Fedje og Modalen. Nordhordlandspakken skal gje betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtransporten. Utbygginga i Nordhordland skal skje i fleire steg. I det første steget står 19 prosjekt på programmet. E39 Nyborgtunnelen og Fv 57 Knarvik-Isdal skal seinare bli med i Nordhordlandspakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising.


6. BUSTADTILBOD

Nordhordlandsregionen er ikkje ein einsarta region med omsyn til bustadmarknaden. Regionen kan tilby ulike bustadformer, og både nærleik til storby og landlige omgjevnader. Lindås og Meland har utfordringar som kjenneteiknar vekstsentra og område knytt til storbyar i vekst. På andre sida finn vi Modalen og Fedje med låge innbyggartal, få arbeidsplassar og større avstand til dei større arbeidsmarknadene i fylket.

Ein stor del av bustadane i kommunane er einebustader. Situasjonen i 2012 er vist i figuren under (tal er henta frå Norut Alta rapport 2013:2). Situasjonen er under endring ettersom utbygging av nye bustader i dag er meir differensiert. Det er i dag større fokus på mindre arealkrevjande einingar i tråd med samordna areal- og transportplanlegging.




Figur 10. Andel einebustader av alle hushald i Nordhordland i 2012. (Kjelde: Norut)



Figur 11. Talet på hushald i 2015 og forventa auke mot 2030, fordelt på hushaldstype (tal for Nordhordlandsregionen unntatt Gulen). Framskrivinga som er vist her er hovudalternativet i statistikk materialet (Kjelde: statistikk.ivest.no/hf/).

Det er om lag 16260 hushald i regionen i 2015. I følge prognosane vil det være behov for rundt 5000 nye bustader i regionen i 2030 samanlikna med 2015. Behovet for bustader for einslege vil auke med ca. 2100, behovet for bustader for par utan barn vil auke med ca. 1200, og behovet for bustad til par med barn vil auke med ca. 1000. Dette gir grunnlag for utvikling av ulike bustadtypar.

Behovet for leigebustader er også stort. Leigebustader er eit nødvendig supplement til eigemarknaden, og spesielt viktig for unge og tilflyttarar. Fleire Nordhordlandskommunar har ein aktiv og bevisst politikk for kommunale bustader, i følge Norut-rapporten kunne nokre kommunar vore tydeligare på korleis dei vil gripe utfordringar med fornying av bustadmassen og betre sirkulasjon av leigetakarar. Rapporten peiker elles på behovet for kommunal styring av den private bustadutviklinga.



Figur 12. Talet på hushald i 2015 for kommunane i Nordhordlandsregionen unntatt Gulen, og forventet auke mot 2030. Framskrivinga som er vist her er hovudalternativet i statistikk materialet (Kjelde: statistikk.igest.no/hf/)

Framskrivingane for talet på hushald viser at det er store skilnader mellom kommunane i Nordhordlandsregionen. Det er venta størst auke i talet på hushald på Osterøy, i Meland og Lindås med høvesvis 1200, 1600 og 1400 nye hushald kvar fram til 2030. Radøy, Austrheim og Masfjorden har ei meir beskjeden utvikling med ein auke på høvesvis 440, 250 og 85 nye hushald. Modalen er estimert til å få 7 nye hushald. Fedje er forventa å få ein nedgang på rundt 20 hushald i perioden.

7. TETTSTADUTVIKLING

Knarvik er den største tettstaden i regionen og har status som regionsenter for Nordhordland. Knarvik har utvikla seg som stad i løpet av dei siste 40 åra. Vidare utvikling av Knarvik til ein moderne by står på agendaen, mellom anna gjennom områdeplanen for Knarvik som er under arbeid. Det er planar om å skape ein kystby på Flatøy og utvikling langs aksa Knarvik-Flatøy-Frekhaug er sentralt.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland, vart vedteken av fylkestinget i desember 2014. Her er det lagt til grunn at Indre Arna skal ha relevante regionale funksjonar for Osterøy, Vaksdal og Samnanger.

Dei fleste kommunesentra i Nordhordland har ei viss breidde i servicetilbodet, dette gjeld også for nokre fleire tettstader. Lindås kommune har definert Ostereidet og Lindås som lokale senter i sin kommuneplan.

Utforming av tettstadene er ein viktig faktor for trivsel og velferd, både i forhold til fysiske omgjevnader og funksjonar/innhald. I følge «Regional plan for attraktive senter» kan viktige faktorar i utvikling av sentra vere:

- balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader,
- gangbar kjerne,
- framheving av historie, særpreg og landskapstrekk,
- høg arkitektonisk kvalitet, inkluderande møteplassar,
- parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet.


I samband med arbeidet med Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet er det utført ei handelsanalyse for kommunane som er omfatta av denne planen. Dette gjeld Lindås, Meland, Radøy og Osterøy. (Senterstruktur- og handelsanalyse for Bergensområdet, Asplan Viak 2014).

Kartet på neste side viser Knarvik sitt handelsomland. Innkjøpsturane til Knarvik kjem frå kommunane Lindås, Meland, Radøy samt Åsane i Bergen. 35 prosent av innkjøpsturane til Knarvik startar i Knarvik og 25 prosent i øvrige delar av Lindås kommune. 19 prosent startar i Meland og 10 prosent i Radøy og i Åsane.


Tala viser vidare at 67 prosent av innkjøpsturane som startar i Knarvik går til Knarvik, medan 27 prosent av turane frå øvrige delar av Lindås går til Knarvik. 2-3 prosent av turane frå Åsane og Tertnes går til Knarvik. Meland og Radøy har noko handelslekkasje til Knarvik, høvesvis 28 og 21 prosent.



Figur 13. Illustrasjon av Knarvik frå områdeplanen for Knarvik sentrum (Asplan Viak).



Figur 14. Handelsturar til Knarvik (Kjelde:Asplan viak).



Figur 15. Figuren viser dekningsgrad for fire varetyper for kommunane Osterøy, Meland, Radøy og Lindås. (Kjelde: Asplan Viak)

Det er også interessant å sjå på dekningsgraden av ulike varetyper i dei fire kommunane. Dekningsgraden for varehandel er definert som forholdet mellom omsetning i ei handelssone og samla forbruk for busette i same sone, uttrykt i prosent. Forholdet mellom omsetning og forbruk i kvar enkelt sone kan sei noko om eventuelle handelslekkasjar imellom sonene. Figur 16 viser dekningsgrad for ulike varetyper for kommunane Osterøy, Meland, Radøy og Lindås.

Overordna sett har dei fire kommunane høg dekningsgrad av daglegvarer, mens utvalet av andre varetyper er meir variert. Lindås kommune skil seg ut med Knarvik regionsenter og har handelsoverskot for detalj og daglegvarer, og er tilnærma sjølvforsynt når det gjeld utvalsvarer og meir plasskrevjande varer.

8. UTVIKLINGSAKTØRAR I NORDHORDLAND

Det fins ei rekke aktørar i Nordhordland som arbeider med næringsutvikling og tilrettelegging for etablerarar. Det er både politiske organ samansett av kommunar, aktørar som arbeider opp mot næringslivet og foreningar for verksemdene i næringslivet.

[Regionrådet Nordhordland](#) - Regionrådet Nordhordland er det strategiske organet som legg føringar for aktiviteten i Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Rådet er sett saman av ordførarane i dei ni medlemskommunane Meland, Austrheim, Masfjorden, Fedje, Gulen, Osterøy, Modalen, Radøy og Lindås.

[Nordhordland utviklingsselskap](#) (NUI) - Nordhordland Utviklingsselskap IKS er eig av dei ni medlemskommunane. Samarbeidsorganet er kommunane sitt verktøy for felles innsats på fleire store område. Utviklingsselskapet har merkenamnet Region Nordhordland, og er knytt opp til det strategiske organet Regionrådet Nordhordland, samansett av ordførarane i regionen. NUI har mange aktivitetar og prosjekt for regionen. Mellom anna tilbyr utviklingsselskapet rettleiing og oppfølging av etablerarar.

[Business Region Bergen](#) – består av kommunane i Bergensregionen. Nordhordlandskommunane er med i BRB gjennom Regionrådet Nordhordland. Formålet er næringsutvikling, etablerarverksemd, profilering og marknadsføring av Bergensregionen som ein leiande kunnskapsbasert og berekraftig næringsutviklingsregion.

Bergensalliansen - er eit interkommunalt samarbeidsforum for dei 18 kommunane i storbyregionen Bergen og omland.

[Industriutvikling Vest AS](#) - er ein industri-inkubator basert på SIVA sitt konsept. Visjonen er at industriinkubatoren skal utvikle ny lønsam forretningsverksemd med utgangspunkt i bedriftene på Mongstad spesielt, og Nordhordland og Bergensregionen generelt.

[Nordhordland næringshage](#) - har kontor i Mastrevik i Austrheim og har spesielt fokus på oppleving, reiseliv og kultur. Næringshagen har om lag 50 målbedrifter. Ein næringshage samlokaliserer mindre bedrifter for å fremje vekstkraft, samarbeid og fagleg utvikling. Målet er auka regional verdiskaping gjennom vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande bedrifter.

[Gulen og Masfjorden Næringshage](#) - vart etablert i 2013 og har sitt prioriteringsområde innan industri, service og havbruk.

[Nordhordland handverk- og industrilag](#) (NHIL) - er ein interesseorganisasjon for bedrifter i Nordhordland. Ca 300 bedrifter innan handverk, industri og tenesteyting i Nordhordland og Gulen er medlemmer.

[Osterøy industrilag](#) - er ein medlemsorganisasjon med ca. 40 medlemsbedrifter på Osterøy. Osterøy Industrilag står bak verksemda Industrikonsulenten på Osterøy som driv med næringsutvikling med m.a. råd og rettleiing for nyetableringar og råd og rettleiing for eksisterande verksemdar.

[Gulen og Masfjorden utvikling](#) (GMU) - er eit utviklingsselskap for næringslivet i kommunane Gulen og Masfjorden. GMU har kontor i Sløvåg industriområde og skal stimulere til auka vekst for industrien i Sløvåg, så vel som for næringslivet elles i Gulen og Masfjorden.

[Næringsalliansen](#) – allianse mellom 14 uavhengige næringsforeningar i Hordaland. Alliansen samarbeider om viktige næringspolitiske saker.

Team Nordhordland – er eit fagleg team som legg vekt på kompetanseheving og erfaringsutveksling i regionen. Sjå meir i Tekstboks 1. Team Nordhordland.

[Nordhordland digitalt](#) – er eit interkommunalt samarbeid innan dei kommunale saksområda geodata (stadfesta informasjon), plan- og byggesak. Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal er med i samarbeidet.

[Ungt Entreprenørskap \(UE\)](#) er ein ideell, landsomfattande organisasjon som i samspel med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar jobbar for å utvikle barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv. Sju av kommunane i Nordhordland er medlemmar i Ungt entreprenørskap. "Vårt lokalsamfunn" er eit program for 4.-5 trinn som gjev elevane innsikt i korleis lokalt arbeids- og næringsliv er viktig for kvardagen. Det styrker også lokal identitet og viser korleis elevane sjølv kan bidra til å påverke utviklinga i sitt eige lokalmiljø.



Figur 16. Svein Nordvik frå Nordhordland handverk - og industrilag på Leknes skule, i samband med programmet Vårt lokalsamfunn.

9. AKTUELLE PLANAR OG DOKUMENT

Det pågår ei rekke prosjekt og planarbeid som vedkjem arbeidet med nærings- og samfunnsplanen for Nordhordland. Regionrådet har fleire parallelle prosjekt med grensesnitt opp mot nærings- og samfunnsplanen.

Utviklinga i Bergensregionen er tema for fleire regionale planprosessar som er under arbeid, både i regi av Business Region Bergen og Hordaland fylkeskommune. Desse prosessane er relevante for nærings- og samfunnsplanen for Nordhordland. Dette kapitlet gir ein oversikt over dei viktigaste planane og prosjekta for Nordhordland.

Kommunereforma

Nordhordland arbeider for tida med kommunereforma. Det er utarbeidd fleire rapportar for dette arbeidet, og det føregår ein prosess for å avklare kva grunnlag det er for å slå saman kommunar i regionen.

Omdømmeprojekt

Nordhordland utviklingselskap arbeider med eit prosjekt med fokus på omdømmet til regionen. Ei undersøking viser at dei som bur i Nordhordland er svært nøgde med å bu her. Hausten 2014 vart det arrangert ein konferanse om temaet i Nordhordland.

Nordhordland biosfæreområde

Etter initiativ frå Universitetet i Bergen har kommunane i Nordhordland gjort vedtak om å starte prosessen til å kunne bli det første godkjente biosfæreområdet i Norge. Å ha status som eit biosfæreområde inneber å prøve ut nye måtar å nytte ressursane på; ta det beste frå fortida som grunnlag for at regionen utviklar seg på ein moderne og berekraftig måte til glede for befolkninga i dag og for generasjonar i framtida. Kunnskapsbasert utvikling er sentralt i UNESCO sitt biosfæreprogram, og med denne satsinga vil Nordhordland kunne bli eit attraktivt og interessant område for forskning og utvikling på mange felt. Sjå meir i Tekstboks 2. Nordhordland biosfæreområde.

Region Nordhordland helsehus

Helsehus er under planlegging i Knarvik. Huset skal stå ferdig i 2018, og med det vil innbyggjarane i 9 kommunar kunne få eit heilt nytt og framtidretta helsetilbod. Sjå meir i Tekstboks 3. Region Nordhordland helsehus.

Strategisk næringsplan for Austrheim og Lindås

Austrheim og Lindås har eit nærings samarbeid som i første rekke er knytt til verksemda på Mongstad. Det er utarbeidd ein strategisk næringsplan for Austrheim og Lindås og denne er no under rulling. Problemstillingar knytt til petroleumsnærings på Mongstad vert i hovudsak tatt opp i denne planen, og er dermed ikkje så sentrale i den interkommunale nærings- og samfunnsplanen.

Næringsarealplan

I etterkant av arbeidet med nærings- og samfunnsplanen skal det utarbeidast ein interkommunal næringsarealplan for Nordhordland. Aktuelle tema i planen vil vere lokalisering av ulike typar næringsareal, tilhøve til infrastruktur, kartlegging av behov etc.

Strategisk næringsplan for Bergensregionen (BRB)

Business Region Bergen (BRB) er i ferd med å revidere den strategiske næringsplanen for Bergensregionen. Målet i planen er "Bergensregionen skal innen 2025 være ledende i Norge på bærekraftig innovasjon, entreprenørskap og næringsutvikling". Fokusområda i planen er næringslivets rammevilkår, fysisk og sosial infrastruktur, effektive

offentlege tenester, bygge regionalt omdømme, utdanning og forskning, innovasjon og entreprenørskap. Arbeidet med nærings- og samfunnsplanen for Nordhordland vert sett i samanheng med BRB sin plan.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Denne planen er vart vedtatt i fylkestinget 10. desember 2014. Målet for planen er at Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket. Planen tek føre seg korleis planlegging kan bidra til å skape attraktive sentrumsområde, kva tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod som bør leggjast til sentera i fylket, lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod og korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (under arbeid)

Planen er under arbeid, og føremålet med planarbeidet er å utvikle eit utbyggingsmønster i Bergensområdet som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer, knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar. I Nordhordland er kommunane Radøy, Meland, Lindås og Osterøy rekna som ein del av Bergensområdet.

Klimaplan for Hordaland 2014-2030

Klimaplan er ein regional plan med visjonen *Klimafylket Hordaland tar ansvar og skapar berekraftige løysingar*. Hovudtema er energi, forbruk og avfall, bygningar, arealbruk og transport, næringsliv og teknologi samt samarbeid og verkemiddel for å få til naudsynte endringar. Planen tar opp tre utfordringar: Korleis redusere utsleppa av klimagassar, korleis energibruken kan bli meir effektiv og med meir fornybar energi, og korleis kan tilpasse seg til klimaendringane. Planen tar opp samanhengen mellom klimagassutslepp og energi. Hordaland er eit stort energifylke. Energiproduksjonen er viktig for verdiskaping og sysselsetting, men har også store klimakonsekvensar. Planen peikar på satsing både på produksjon og utvikling av fornybar energi.

Regional transportplan 2013-2024

Regional Transportplan (RTP) Hordaland 2013-2024 er ein samla langsiktig regional strategiplan for transportsektoren i Hordaland. Planen legg grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den gjev innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Regional næringsplan 2013-2017

Den regionale næringsplanen er eit strategisk dokument som syner kva for strategiar som er særskilt prioriterte for å møte dei viktigaste utfordringane næringslivet står overfor i fylket. Planen skal særleg føre til at næringslivet når resultat i form av meir innovasjon, fleire arbeidsplassar og meir verdiskaping. Dei tre hovudstrategiane i planen er Meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse, ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter.

Team Nordhordland

Team Nordhordland er eit fagleg team, som legg vekt på kompetanseheving og erfaringsutveksling, og dette ligg i botn på all aktivitet.

Dei som er med er Nordhordland utviklingselskap, Nordhordland Næringshage, Business Region Bergen, prosjektleiarar, samfunnsutviklarar og landbruksjefar frå kommunane.

Team Nordhordland ønskjer at Nordhordland skal vere ein føregangsregion for ei satsing på betre system i rettleiingstenesta, lokalt og regionalt. Det er mange aktørar i hjelpappararatet, likevel er det slik at dei som ønskjer å starte opp med noko ikkje alltid finn fram til god hjelp om dei treng det. Med mange aktørar kan det og verke forvirrande kven som gjer kva og kor ein skal starte i dette konglomeratet. Dei involverte må sikre seg god rettleiar- og henvisningskompetanse slik at dei står fram som eit samla apparat.

Det er gode føresetnader for å lukkast i dette arbeidet: Team Nordhordland har kome relativt langt i å involvere landbruket i nærings samarbeidet, og det er mange gode ressursar som ønskjer ei betre koordinering av næringsrådgjevingsarbeidet.

Eit av satsingsområda til Team Nordhordland er å skape møteplassar for gründerar. Inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland» vart gjennomført i 2015.



Tekstboks 1. Team Nordhordland

VESTNORSK KYSTLANDSKAP

Nordhordland Biosfæreområde


REGION
NORDHORDLAND

Nordhordlandsregionen står overfor store utfordringer: Kulturendringer, press frå storbyen Bergen som stadig «kjem nærare», store endringar i næringslivet og overgangen til eit nytt levesett etter "oljen". I tillegg kjem uroa som mange kjenner på; at uønskete miljøendringar på sikt kan føre til redusert livskvalitet for våre etterkommarar. Å gjere Nordhordland til Norge sitt første biosfæreområde kan vere eit viktig grep for å løyse nokre av desse utfordringane. Det vil kunne bidra til å samle regionen, byggje felles kultur og ta vare på viktige fellesfunksjoner så som forvaltning av miljøserting i regionen og felles merkevarebygging.

Etter initiativ frå Universitetet i Bergen og Nordhordland utviklingselskap har kommunane i Nordhordland gjort vedtak om å utarbeide ein søknad til UNESCO om å bli det første godkjende biosfæreområde i Norge.

Biosfærestatus er ein unik sjanse. Biosfæreområda er modellområde for bærekraftig utvikling både nasjonalt og internasjonalt, og skal vere representative for sin del av verda. For Nordhordland kan dette bety auka merksemd frå heile verda, og stor attraktivitet både når det gjeld busetnad, næringsverksemd, reiseliv, merkevarebygging og lokal identitet.

Søknad til den norske UNESCO-kommisjonen vart sendt i desember 2014. Det er ein lang søknadsprosess, og målet er at biosfæreområdet kan opnast i 2018.



Tekstboks 2. Nordhordland biosfæreområde

Region Nordhordland helsehus

Region Nordhordland Helsehus er under planlegging i Knarvik. Huset skal stå ferdig i 2018, og med det vil innbyggjarane i 9 kommunar kunne få eit heilt nytt og framtidretta helsetilbod.

Helsehuset vil samlokalisere ulike helsetenester og –tilbod som kommunane samarbeider om, tenester frå Lindås kommune og frå Helse Bergen HF innan somatikk, psykisk helse og rus.

Etableringa av Helsehuset er ei unik, historisk muligheit til både å konsolidere og styrke eksisterande gode fagmiljø og – tilbod gjennom å utvikla nye samarbeidsformer og grenseflater mellom desse. Vidare byr helsehusetableringa på muligheiter til å utvikla nye tilbod og tenester i tråd med dei store endringane innan helse- og velferdsfeltet som statlege myndigheter har signalisert gjennom rapportar, stortingsmeldingar og lovendingar.

Region Nordhordland Helsehus er ikkje eit sjukehus, men det skal lokaliserast spesialisthelsetenester i huset og det skal vere nokre døgnplassar der for dei som ikkje treng å vere på sjukehus, men som ikkje kan få rett hjelp i kommunen.

Det er venta at ei slik samlokalisering av helsetenester vil gje synergiar på fleire område;

- auka beredskap
- betre tilgjengelegheit og behandlingstilbod
- større moglegheiter for tettare samhandling og samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta
- fleire døgnplassar
- større fagmiljø og meir tverrfagleg kompetanse under same tak
- tilgang til fagleg rettleiing
- sambruk av areal
- fleire av spesialisthelsetenesta sine tilbod til regionen
- ein attraktiv arbeidsplass
- sentrumsutvikling av Knarvik som regionalt tyngdepunkt
- arena for rekruttering og kompetansebygging

For å følgje opp krav og føringar frå sentralt hald må kommunar finne eigna samarbeidsformar på tvers av tenestnivå og fagområde. Interkommunalt samarbeid og samlokalisering av tenester i t.d eit felles helsehus kan vere nødvendig for å nytte kompetanse og ressursar på ein best mogleg måte.



10. KJELDER

Asplan Viak 2014, Senterstruktur- og handelsanalyse for Bergensområdet

Hordaland fylkeskommune, AUD-rapport 1-15, Olje- og gassklynga i Hordaland, produksjon og ringverknader

Hordaland fylkeskommune, AUD-rapport 5-13, Pendlingsprognose 2013-2030

Norut Alta rapport 2013:2, En analyse av boligmarkedet i Nordhordland

Sintef, Reisevaneundersøkelsen i Bergensregionen 2013

Skyss/Cowi, Hovedstruktur for kollektivnettet i Bergensregionen

ssb.no

Statens vegvesen, 2011, Konseptvalgutredning (KVU) for transportsystemet i Bergensområdet

statistikk.igest.no/hf/

Telemarksforsking, TF-notat nr 34/2013, Regional analyse for Hordaland 2013

vegvesen.no/Fag/Trafikk/Trafikkdata

Vista analyse, 2014/28, NHOs KommuneNM 2014